

# Innspelskjema

## Oppsummering

### Innspel til temaplan

#### **Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse**

### Innsendar

**Eg sender inn på  
vegne av** Kommune

**Org.nr.** 939866914

**Namn på kommune** STORD KOMMUNE

**Adresse** Postboks 304

**Postnummer/-stad** 5402 STORD

### Kontaktperson

**Namn** Tove Agdestein

**Telefon** 97552209

**E-post** tove.agdestein@stord.kommune.no

### Innspel

**Utfyllende  
merknader** Stord kommune gjev følgjande fråsegn til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse:

Stord kommune støttar føremålet med å samla fleire planar. Fylkeskommunen er viktig som kompetansemiljø for kommunane, og det er positivt at planprogrammet legg opp til kartleggingar og utgreiingar som bidrar til ny kunnskap. For at planen ikkje skal bli for vid og kompleks bør den konsentrerast om tema som særskilt treng regional samordning, og som ikkje er godt nok regulert gjennom statlege eller kommunale føringer.

Det bør leggjast vekt på å få fram tydelege mål og strategiar. Grunnlagsinformasjon som kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kan med fordel samlast i vedlegg.

Kommunar i utkanten av fylket samarbeider også i stor grad på tvers av fylkesgrensa. For Sunnhordlandskommunane er det såleis positivt at planprogrammet legg opp til samhandling med regionale planar i Rogaland.

Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for kommunane, og Stord kommune er positiv til planar som dannar grunnlag for samarbeid. Samtidig er det viktig at rammer for kommunal forvaltning vert forankra lokalt i kommunen. Det bør koma tydelegare fram kva verknad planen skal ha for fylkeskommunen sitt rettleatingsansvar, og korleis planen skal vera rammeverk for kommunen si forvalting.

### 3. Plantema

#### 3.1 Omstilling og konkurransekraft:

For næringslivet i mange vestlandskommunar er samferdsle ei stor barriere for utvikling. Å skapa gode og framtidsretta strukturar for samferdsle bør difor vera eit sentralt tema, også i denne planen.

Ei anna barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Stord kommune meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft.

Planprogrammet omtalar «innovasjonssystem» som ein nødvendig faktor for å lukkast med omstilling og utvikling. Det er uklart kva som er meint med «innovasjonssystem», her kan planprogrammet vera meir konkret. Næringslivsklynger er eit viktig verkemiddel for innovasjon som me har god erfaring med i vår kommune. Planen bør løfta fram etablering og drift av klynger, og korleis dei regionale institusjonane kan støtta opp.

#### 3.2 Kompetanse og inkludering:

Det er positivt at planprogrammet peikar på gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring som viktig for å unngå at unge vaksne hamnar utanfor arbeidslivet. Her bør strategiane også inkludera tiltak på ungdomstrinnet i skulen, og samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Vidare bør utdanning av fagarbeidrarar ha særskilt merksemd.

Dei lokale profesjonsutdanningane innan høgare utdanning er viktig for å sikra både industrien og dei offentlege tenestene kvalifisert arbeidskraft. Å oppretthalda og utvikla profesjonsutdanningane bør inngå i planen.

Aukande sosiale skilnader er ei stor utfordring, og det er difor bra at planprogrammet har mål om eit mangfoldig og inkluderande arbeidsliv. Medverknad frå dei det gjeld er viktig i dette arbeidet.

For å behalda kompetanse i distriktskommunane må det finnast relevante og attraktive jobbtildod. Det bør utarbeidast konkrete strategiar på å etablira og behalda kompetansearbeidsplassar i heile regionen.

Næringslivet kjenner sine behov best. Planarbeidet bør ha strategiar for å fremja strukturar som sikrar jamleg samarbeid mellom lokalt næringsliv, offentlege tenester og utdanningsinstitusjonane, der framtidige kompetansebehov og utdanningstilbod blir drøfta.

### 5. Oppfølging av planen

I følgje planprogrammet skal også andre aktørar (enn fylkeskommunen) bidra til å følgja opp handlingsprogrammet til den regionale planen. Det må her leggjast til grunn at tiltak

som involverer kommunane skal forankrast i kommunane sine eigne planverk og bli styrt av kommunen sine prioriteringar.

#### 6. Planprosess, organisering og medverknad

Regionane innanfor Vestland fylke er ulike når det gjeld utfordringar og ressursar. Det er difor viktig å sikra at aktørar frå alle regionar deltek i planarbeidet på ein likeverdig måte. Særskilt må det leggjast vekt på å involvera næringslivsaktørar frå heile fylket. Her er dei regionale samarbeidsråda og næringsråda viktige. Me vil særskilt peika på Stord næringsråd som representerer nokre av dei største industriverksemndene i fylket.

Tradisjonelle medverknadsmetodar når ikkje alle berørte grupper. Planprogrammet bør visa korleis grupper med «svake stemmer» som barn/unge og personar i utanforskap skal involverast i planarbeidet.

#### 7. Framdriftsplan og milepålar

For å sikra god lokalpolitisk forankring av planen bør høyringsperioden utvidast til tidlegast oktober 2026.

Fråsegna vil bli handsama i Stord formannskap 22.10.25. Protokoll med formannskapet sitt vedtak blir ettersendt.

Stord kommune ynskjer Vestland fylkeskommune lykke til med planarbeidet, og ser fram til vidare samarbeid i utarbeidninga av planen.

## Vedlegg

### Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB

### **Relevante lenker**